

Sendt til: postmottak@krd.dep.no

Eksingedalen 9.10 2012

## Kommunal og regionaldepartementet

### **Fråsegn om endringar i Inndelingslova - frå Eksingedalen Bygdaråd**

Eksingedalen Bygdaråd saman med Eidslandet Grendalag var initiativtakarar då det i 2007 vart søkt om grensejustering av området vi bur i, med overføring frå Vaksdal til Modalen.

På den eine sida tilfredsstiller søkeren alle aktuelle kriterium, som t.d. geografisk tilknyting, kommunikasjon, barnehage, skule, bruk av helsetenesta, kulturtilbod osb.

På den andre sida har ikkje Inndelingslova sterke nok verkemiddel og fullmakt til departementet til å fatta vedtak når det gjeld fordeling av kraftinntektene.

Det er difor svært positivt med ei lovendring, som etter vårt syn løyser dette dilemmaet mellom departementet sitt rundskriv frå 2007 om Inndelingslova, og verkemidla i lova til å fatta positivt vedtak.

Ut frå dei erfaringane vi fekk i 2007 til 2011, medan søkeren vår var til vurdering, er det alternativet som vert kalla "Det tredje alternativet" som vil vera einaste gode løysing for både søkerarar og berørte kommunar. Departementet sitt framlegg om fem års overgangstid er bra.

Dette er det overordna.

Når det gjeld detaljane i høyringsnotatet vil vi peika på to forhold.

#### 1. Dei samla skatteinntektene frå kraftverka:

Inntektene frå kraftverka til kommunane endrar seg stadig. Kraftanlegg vert utvida, det skjer endring av vassoverføringer, og det vert til og med bygd nye kraftverk over 40 GWh innanfor dei grensene som kan verta omsøkte. Dette endrar sjølv skattegrunnlaget. For at ei forskrift skal vera så presis som mogeleg, kan det til dømes seiast at det er skattegrunnlaget på tidspunktet for søkeren som gjeld, eller på tidspunktet for vedtak som gjeld som skal vera utgangspunktet for overgangsordningen. Eit anna alternativ er at endringane som skjer for skattegrunnlaget i den tida søkeren er til vurdering, skal haldast utanfor. Paragraf 6 i utkastet til forskrift fangar kanskje opp endringar i inntektene, men beløpa kan vera så store at det kan vera på sin plass med ei presisering ut over berekningsmetoden som er føreslege ii denne paragrafen.

#### 2. Konsesjonskrafta:

Også når det gjeld konsesjonskrafta og verdien/salet av denne, luftar departementet eit framlegg om overføring av denne etter fem år (eventuelt ti år). Akkurat no, i 2012, får mange

kommunar låg inntekt av konsesjonskrafta. Dette kan føre til at det vert stigande interesse for kommunane til å teikna langsiktige avtalar om sal av konsesjonskraft, for å få ei sikker og langsiktig inntekt. Dermed er det ein tredje prat, som fylkeskommunen eller andre kjøparar, som kan ha ein sterk økonomisk og juridisk rett i det enkelte tilfelle. Som departementet peikar på, er temaet konsesjonskraft vanskeleg. Difor vil det kanskje vera fornuftig om ei forskrift ikkje er for bastant når det gjeld tidspunktet for overføring. Til dømes kan forskrifta opna for at fem år er utgangspunktet, men med eit tillegg om at overføring av konsesjonskrafta for eksempel kan skje etter fem-sju år, avhengig av den konkrete situasjonen.

Grunnen til at vi påpeikar dette, er å redusere fare for at overføring av konsesjonskraft skal bli ein ny "vedtaksstopp", eller føre til unødig lang saksbehandling i påvente av juridiske og økonomiske avklaringar. Ein viss form for fleksibilitet innan dette området kan visa seg å vera god smurning for ei rimeleg saksbehandlingstid.

For

Eksingedalen Bygdaråd

Eidslandet Grendalag

Liv Anne Bergo

Janne Eling Matre Nordheim